Pensjonist etter 46 år i skulen!

21.06.2014

Første pensjonistdagen med avis og kaffi heime i tunet.

Fredag starta skuleferien. Dermed var det og siste arbeidsdag på Rosendal ungdomsskule for Pål Haugland, og han er no nyslått pensjonist. Vi må heilt tilbake til hausten 1968 for å finne starten på det lange arbeidsløpet hans i Kvinnheradsskulen. Då byrja han som lærar på framhaldsskulen i Rosendal som heldt til i samfunnshuset.

Etter eit år som framhaldsskulelærar tok den ferske læraren 1 års vidareutdanning i historie ved det som den gongen heitte Norges Lærarhøgskule i Trondheim. Tilbake derfrå var Pål i det første lærarkollegiet som flytta inn i nybygde Rosendal ungdomsskule hausten 1970.

I løpet av lærartida har den aktive bygdamannen og populære læraren opplevt store endringar i arbeidskvardagen.
- Det var kommunal instruks som fortalde korleis vi skulle vera kledde den gongen, fortel pensjonisten og ser humoren i det. - Då var det skjorte, slips, dressjakke og finbukse med press! Dette varte rett nok ikkje så lenge, for på dette området vart instruksen endra etter nokre år.

Kvar dag skulle starte med salmesong og/eller tekstlesing og bøn. Dette var og etter instruksen. Dans på elevkveldane var utenkjeleg. Det vart først prøvt etter mange år med lange diskusjonar med sterke meiningar i både kollegiet og foreldregruppa.

Mannsvatnet, og hytta der, er ein kjær plass for Pål

I desse lønnsforhandlingstider kjem vi og inn på utviklinga når det gjeld lønn, status og arbeidstid. For å tydeleggjere dette tar han ei samanlikning. Då han byrja hadde ein fagarbeidar og sveisar 18.000 i årslønn hos Skåluren medan læraren tente 50% meir, 27.000 kr. Status og lønn var høg, og det var verkeleg kamp om å komme inn på lærarutdanninga. Slik er det ikkje lenger. No kjem dei stort sett inn om dei oppfyller minstekrava. Ei trist utvikling for dette svært gjevande og viktige yrket, synes Pål.
Utviklinga når det gjeld arbeidstida er nok og sterkt medverkande til at det er langt mindre populært søkje til lærarutdanning.
- I starten var arbeidstida svært fleksibel. Det var undervisning og ubunden tid til før- og etterarbeid. No er det 7,5 timars-dagen som gjeld. Eg tør påstå at eg arbeidde minst like godt med førebuing før! Mange er slitne og trøtte etter 5-6 timar 'på scenen'. Då treng vi ein pause og avvekling før vi kan arbeide effektivt att, forklarer den spreke pensjonisten.

- Dessutan gav arbeidtida tidlegare lærarane mulighet til å vere aktivum og ressursar i lagslivet i bygdene! Og det var dei! Det var jo ikkje alle som hadde høve til å stille som trenar for miniputtane klokka halv fem! Her veit Pål verkeleg kva han snakkar om. Ufatteleg mange er timane han har brukt på frivillige aktivitetar. Særleg idretten har nytt godt av dette. Siste åra kjenner vi han som sentral i den flotte skiaktiviteten i bygda. Likevel er det nok fotballen som er den idretten han har brukt mest tid på gjennom åra; - både som aktiv spelar, og som trenar og leiar for lag. På idrettplassen Heio er dugnadstimane mange, og elles har han jobba innan alle felt i idrettslaget. Rett nok har han ikkje vore så aktiv innan turn, men der har derimot kona, Astrid, vore eit stort aktivum gjennom alle år!

Tilbake til skulen. - Elevane, har dei forandra seg gjennom desse åra?
- Eg har alltid trivst saman med dei, men sjøvsagt er det annleis no enn for nesten 50 år sidan. Eg syns det er ein meir kameratsleg tone mellom elevar og lærarar i dag. Det er ikkje så mange konfliktar mellom enkeltelevar og lærarar. Det er kjekt! I dag har vi nokre svært arbeidssomme elevar, men før var det jamnt over fleire i kvar klasse som høyrde til denne gruppa, fortel læraren som har hatt matte og kroppsøving som favorittfaga sine i tillegg til samfunnsfag.

Pål instruerer i skipreparering.

Som rådgjevar på ungdomsskulen gjennom mest heile perioden, har han og opplevt andre sider ved elevane.
- Tidlegare var elevane langt meir opptekne av å komme seg raskt ut i arbeidslivet, og tene pengar. No tar dei det meir med ro. Dei veit dei klare seg. Når det gjeld vidaregåande skule, syns eg at fleire skulle valt yrkesretta linjer. No er det etter mi meining for mange som ønskjer å gå studiespesialiserande. Pål veit nok kva han snakkar om, for han har hatt tusenvis av elevar innom rådgjevarkontoret gjennom åra.
Mykje har forandra seg i den tida han har vore lærar, men noko har vore stabilt. Rosendal ungdomsskule har berre hatt 3 rektorar, Knut Langesæter, Vidar Haugland og Stein Schille. Skulebygniningen var den same heilt til sist haust då det endeleg stod nytt skulebygg klart. Når Pål går over i pensjonistane sine rekkjer, er det ein solid vegg på Rosendal ungdomsskule som fell vekk!

-Eg har ikkje sett fram til denne dagen. Å arbeida med ungdommane har gitt meg mykje, avsluttar den spreke pensjonisten vel vitande om at han har nok å fylle tida med.
-Men det sosiale fellesskapet med elevar og kollegaer vil eg sakna.

Den aktive og spreke kona hans, Astrid, vel enno vernta med å gje han selskap i pensjonistane sine rekkjer.

Pål(nr.2 f.h.) får betre tid til å trene dei lovande skiungdommane

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen, Kristian O. Bringedal og Thor Inge Døssland